


**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** fredag 13. oktober 2023 08:29  
**Til:** Trond Bertelsen  
**Emne:** SV: 156/144  
**Vedlegg:** Naboliste\_156\_144\_13.10.2023\_08.14.pdf

Til Trond Bertelsen

Her er måla mine:





Om du og eventuelt din nabø i sør vil ha ei flytebrygge her i det mørkeblå området innafor, så vil kommunen vera positiv til dette etter søknad.  
Båtar som er fortøyd og flytebryggjer må ikkje vera plassert farleiområdet utanfor.

Føresegner her viser dette klart:

### **3.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL §12-5 nr.3)**

#### **3.4.1 Småbåthavn (VS1 og VS2)**

Småbåthamn VS1 og VS2 skal vere open for ålmenta. All ferdsel i området skal foregå med sakte fart og det må spesielt takast hensyn til dei som bader.

Eksisterande småbåthamn kan utvidast innanfor område. Det kan etablerast ei ny flytebrygge/flyteanlegg/landgang for inntil 16 nye båtplassar. Flytebrygga sitt volum og utrykk skal tilpassast eksisterande flytebrygger. Nye anlegg skal prosjekterast og dimensjonerast for å tote påkjennung frå vind og bølgjer. Flytebrygge kan forankrast i land. Naudsynt forankring for kaiar/flytebrygge i sjø kan strekke seg ut over føremålsgrensa og plangrensa.

Iht. tidigare reguleringsplan i området skal botndjupne i småbåthamnområde samt havnområde ligge på kote -2,80 meter under middelvasstand der dette er mogleg. Utmudring mot eksisterande naust skal kun utførast etter avtale med nausteigarar. Bontdjupne skal haldast ved like.

Innanfor for felt VS2 er det tillate å etablere ei enkel flytebrygge i tilknyting til eksisterande naust, fram til formålsgrensa, dette er i høve til dagens situasjon.

Det som du gjer rundt naustet ditt må vera som ein kai/gangveg til naustet, ikkje sjå ut som terrasse, det er ei føresegen som peikar på dette, sjå her:

### 3.1.7 Naust (felt BUN1- BUN3)

- a) I området BUN1- BUN3 kan det førast opp naust.
- b) Ved bygging av fleire naust skal det før søknad om byggjeløyve utarbeidast ein detaljert situasjonsplan for heile det aktuelle området. For BUN1 er det ikkje løyve til å oppføre nye naust.
- c) Nausta skal vere bygg/uthus i ein etasje med BRA inntil 40 m<sup>2</sup>, enkeltståande eller i rekke, og skal ikkje nyttast til varig opphald.
- d) Loftsrom/garnloft skal ikkje ha målbart areal.
- e) Naust skal plasserast minimum 200 cm over gjennomsnittleg havnivå eller dimensjonerast for å tote påkjenning av stormflo.
- f) Mønehøgd kan vere inntil 5 m målt frå gjennomsnittleg planert terreng. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 % av bruksarealet(BRA).
- g) Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate.
- h) Naust skal ha takvinkel mellom mellom 35° til 45°.
- i) Det skal nyttast trekledning på veggar, og skifer, torv, panner eller matt, farga platekledning på tak.
- j) Veggliv naust er førande for frådeling av naustetomt.

---

Side 5 av 8

- k) Byggjegrense mot sjø for bygging av naust er 0 m.
- l) Ålmenta kan ferdast og opphalda seg omkring nausta. Tiltak som hindrar ferdsel og opphold og som verkar privatiserande her er forbode. Eldre naust bygd i grindverk, laft eller gråsteinsmur skal takast vare på og er verneverdige. Byggegrense for naust samanfell med føremålgrensa der ikkje anna er angitt på plankartet.

Vedlagt er nabolisten.

Når du søker ferdigattest kan du gjerne skrive mitt namn på søknaden. Då eg har vore på synfaring her og gjeve deg denne tilbakemeldinga her.

Lykke til med arbeidet, dette vert fint for alle det du skissert opp her.

Med vennleg helsing

Asbjørn Nagell Toft

Avdelingsleiar

Austrheim kommune

Telefon: 56 16 21 41/416 51 463

[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



**Fra:** Trond Bertelsen <[trond@bolig-eiendom.no](mailto:trond@bolig-eiendom.no)>  
**Sendt:** torsdag 12. oktober 2023 14:51  
**Til:** Asbjørn Nagell Toft <[asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no](mailto:asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no)>  
**Emne:** 156/144

Hei Asbjørn

Viser til hyggelig befaring på eiendom i dag tidlig, og sender som avtalt skisse av det vi snakket om.  
Ønsker som sagt gjenoppbygging av kai i front og på siden, men utvide kai noe langs mot nord for sikkerhet, vedlikehold og estetikk  
Kai på nord/nordvest er tegnet langs med grense, men ca 10-20 cm klaring som du ønsket, og til bakkant av naust. Jeg kommer muligens til å lage en tilkomst/gangsti dersom det ikke kommer naturlig i terreng slik at badegjester kan trygt benytte areal som vi snakket om.  
Nøyaktig innmåling av kai vil foreligge ved ferdigattest.  
Sender du som avtalt avstand fra kai til innsegling/formålsgrensen slik at jeg kan forsøke å plassere en flyte kai mest mulig hensiktsmessig.  
Hører fra deg.  
Takk

Med vennlig hilsen  
**Trond Bertelsen**  
*Byggmester*  
Mobil **456 08 714**  
E-post: [trond@bolig-eiendom.no](mailto:trond@bolig-eiendom.no)

